

# „Kvar er du, Elias?“

No ætti dyrkar seg sjølv som Gud —!  
 Vår ånd er den høgste instans!  
 Og vesle vitet vårt kongeskrud,  
 det stend i »Guddommelege glans —!  
 Me sviv kring jordi, frå pol til pol,  
 og kjenner til lovi for regn og soli  
 Alt granskar vår menneskjesans —!

I »Stratosfære« og avgrunnsdjup  
 me ferdast på underfull vis - - -!  
 Og høyr kor »fagert« vårt siste kup:  
 Atombomba — syng til vår pris - - -!  
 Med »Teleskop« kan me vidan sjå,  
 med »Robotfly« skal me månen nå.  
 Jau, menneskjeguden er glup!

Me byggjer opp ein »solid« kultur,  
 i hundrad, ja tusund av år,  
 eit digert byggverk, som mange trur  
 vil standa om verdi forgår!  
 Eit himmelstormande tårn, ei tropp - -  
 Kuart ættarled byggjer seg høgge opp -  
 Snart fullkomenskapen me når!

Eit halvgløymt ord frå ei gamal bok  
 oss valdar litt uro i blant:  
 Det er om eit byggverk som flaumen tok  
 avdi det var tuffa på sand!  
 Eit »Babelstårn« på ei »bøkkjemyr« - - -  
 Me unar vel kanskje kva det betyr?  
 Og ottast for folk og for land.

Men Bibelboki si tukt og trøyst,  
 den høyrer 'kje folk av i dag!  
 Frå »Høgdom« ljomar ei onnor røyst,  
 med råd av eit likare slag.  
 Høyr her kva visdom ho gjerer kjend:  
 »Dei Gudar me trenger er

»Tidens menn«!

Den lygn er vårt store bedrag!

Kor skal det ganga vår arme jord:  
 »Me liver som på ein vulkan«!  
 For tru og tillit er tome ord,  
 og misstru set land imot land!  
 Den sterke trampar den veikje ned,  
 og ingen, nei ingen kan skapa fred!  
 Alt skjelv for den komande brand!

»Kvar er du, Elias, med Karmels mot!  
 Profet i det heilage skrud - - -  
 som leider vårt folk til omvending, bot?  
 Me spægjer i nord og i sud - - -!  
 Kvar er du, Elias — i Karmels prakt,  
 som opnar vårt syn for

Guds frelsarmakt,

SO HERREN PA NY

VERT VAR GUD —?«

JOHS. M. L. RYDLAND.